

Innkalling til Utdanningsutval, FHS

Dato: 7.2.23 Teams møte kl. 09:00-11:00

Medlemmar: Unni Margrethe Uren Aasen, Torill Forbord-NTNU, Margaret Sjøvik, Johannes Haltbakk, Hege Almeland Hansen, Hilde Almås Bø (stud.), Maria Knudsen (stud.) Cecilie Thaulé Løvlid, Kristin Senneset og Hilde Kristin Tveit (ref).

Forfall: Torill Forbord-NTNU, Hilde Almås Bø og Johannes Haltbakk – vara representantane hadde ikkje anledning til å delta

Referat frå sist møte [6.12.22.](#)

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
1/23 Godkjenning av innkalling og sakliste		Innkalling og sakliste skal godkjennast med evt kommentarar. Er det saker til eventuelt?	Prodekan	5 min
Referat: Det var ingen kommentar til innkallinga. Det blei ikkje meldt inn saker til eventuelt. Det kom eit innspel om at det bør oppnemnast eit til medlem til Utdanningsutvalet. Det er mange interne medlem og berre ein ekstern.				
2/23 Strategisk utvikling av studieportefølje våren 2023	Vedlegg i Teams: <ul style="list-style-type: none">Tildelingsbrev 2023Rektor sitt oppdragsbrevPrinsipp for strategisk	Utdanningsutvalet får innsyn i prosessen og arbeidet med studieporteføljen til fakultetet og får høve til å spele inn synspunkt. Utgangspunkt for prosessen er tildelingsbrev, rektor sitt oppdragsbrev og prinsipp for strategisk utvikling av studieporteføljen.	Prodekan orienterer	40 min

Fakultet for helse- og sosialvitskap[utvikling av
studieporteføljen](#)**Referat:**

Prodekan gjekk gjennom ei PP om saka.

Departementet er mykje tydelegare på at dei forventar meir relevans i studietilbodet, auka kvalitet i utdanningane og meir fleksibilitet i studietilbodet. Innovasjon, samhandling og samskaping mellom fagmiljø og region er også sentralt.

Oppdragsbrevet frå rektor er også tydeleg på at studietilboda skal vere i tråd med samfunnets behov/regionale kompetansebehov der fleksibilitet er framheva. Det er mange punkt som fakultetet skal følgjast opp. Å styrke kvalitet i praksisoppfølginga er også sentralt. Vi må auke rekrutteringa på utdanningar som ikkje innfrir kandidatmåltala. Tiltak for å auke gjennomstrøyminga på masterutdanningane våre og forventning om auka internasjonalisering i studieprogramma er sentralt.

Strategisk utvikling av studieportefølje byggjer mellom anna på tildelingsbrev frå KD og oppdragsbrevet frå rektor. Det er oppretta ressursgruppe og arbeidsgrupper som skal arbeide vidare med:

- overordna prinsipp og kriteria for strategisk utvikling av studieportefølje (kan innehalde campusutvikling , samfunnsoppdrag, økonomi)
- revidering av SEFØ modellen
- overordna prinsipp for økonomisk berekraft.

Fyrste saka som skal handsamast av styret 7. mars er prinsipp for trekk av studiar, nullopptak og nedlegging. Ein trafikklysmoell er foreslått som moell der studieprogramma skal vurderast opp mot gitte kriterium.. Utvikling og veking av kriterium (kva kriterium har førsteprioritet) vert sær s viktig. Arbeid med studieporteføljen er eit omfattande arbeid som er krevjande og som vil påverke faglege tilsette.

Kommentarar frå utdanningsutvalet:

- Vil trafikklysmoellen innebere tal på studieplassar som skal vurderast? Økonomi seier at det bør vere minimum 20 studentar ut for at det skal vere berekraft økonomisk. På masterutdanningane må ein kanskje ha nokre andre vurderingar.
- Det er positivt med ei slik moell og at det blir nokre kriteria å vurdere opp mot. Er det fare når det er på raudt?
- Ei slik moell vil vere lett å følge og vil vere retningsgivande for når utdanningane må gjere nokre tiltak.
- Nokre utdanningar har opptak anna kvart år. Der er det no fråfall. Korleis reknar vi kandidatmåltal og studieplassar på desse masterprogramma med studieretningar?
- Kva med praksisplassar? Vi treng også eit arbeid med å skaffa fleire praksisplassar. Kommunane varierer stort kor mange studentar dei tek (gjeld alle nivå) og nokre kommunar tek ikkje studentar i praksis i det heile tatt.

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

- Nokre av studieprogramma våre slit vi med å få nok studentar. Det er også fråfall. No driv desse med eit utbreidd marknadsarbeid.
- Mange av studieprogramma på bachelor tek opp mange studentar men likevel ikkje nok studentar ut. Overbooking vert gjort, men likevel er det studentar som sluttar av ulike grunnar.
- Utfordringar - Det er ei grense for kor mange studentar utdanningane klarer å ta inn på kullet ved studiestart (påverkar tilsetressursar, rombehov, simArena mm)
- Kommunane har få praksisplassar.
- Studieplassar er ei utfordring for master i psykisk helse- og rusarbeid, studiet går eit år fulltid og tre semester på deltid. Svar: Blir viktig å følgje opp dette i arbeidet med studieportefølje arbeidet.
- Trafikklysmodellen tek utgangspunkt i tal studieplassar.
- Vi bør anbefale at nye masterprogram organiserast som deltidsprogram med årlege opptak så kan studentane som ynskjer det ta studiet på fulltid (vi lager 2 studiemodellar i godkjenninga – ei modell på deltid og ei modell på fulltid. Ei slik ordning kan studentane sjølv velje å ta fleire emne tilsvarande fulltid. Dette må då planleggjast slik at undervisning og eksamen ikkje kollidera. Emna må organiserast slik at det er mogeleg å ta emne på fulltid.
- Det blei stilt spørsmål om pandemien har påverka tal kandidatar ut ved fleire utdanningar (eller studieprogram).

Utdanningsutvalet ber om at innspela blir teken med i det vidare arbeidet med saka om Strategisk utvikling av studieportefølja.

3/23 Tiltak for å auke opptak og gjennomstrøyming i lys av livslang læring og fleksibel utdanning	Vedlegg ligg i Teams: Vedlegg til sak 3	Utdanningsutvalet inviterast til å diskutera tiltak for korleis rekruttere å utnytte studieplassane best mogeleg med tanke på økonomisk berekraft. <ul style="list-style-type: none"> • Tiltak på bachelornivå • Tiltak på masterprogram og vidareutdanningar 	Prodekan innleier	30 min
--	--	---	-------------------	--------

Referat:

Prodekan innleia og ber om innspel på korleis fakultetet kan rekruttere og utnytte studieplassane betre på både bachelor- og masterprogramma våre.

Vi får demografiske endringar og større kamp om søkjarar til studieplassane.

Nasjonalt strammast det til og høgskulane kan risikere å få ei omfordeling av studieplassar dersom vi ikkje klarar å nå kandidatmåltala og fylle /utnytte dei tildelte studieplassane.

Det er viktig å sikre campusane også. Fleire av utdanningstilboda bør nå ut til fleire campus.

Kommentarar frå utdanningsutvalet:

- Studentrepresentanten har sendt ut ein e-post til tillitsvalte med spørsmål om korleis dei opplever informasjonsflyt om praksisplassar, og relevans og mogelegheiter for internasjonalisering i sitt studieprogram. Studentane ved FHS rapporterer at dei ikkje får god nok informasjon om kor dei kan reise på

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

utveksling. Mange opplever at utdanninga jobbar imot studentane og ikkje for studentane. Høgskulen gjer det vanskeleg for studentane å bli ferdig med studiane. Er det fråfall kan det vere for at det er for mange studentar og for lite oppfølging av faglærar eller at dei fann ut at studiet ikkje passa for dei. Nokre studentar gir og uttrykk for at dei ikkje er klare for yrket. Dei tykkjer det er for stort gap mellom utdanning og yrke. Praksisfeltet gjer sin tilslutning til denne opplevinga også, seier studentrepresentanten. Mange av studentane tek forbrukslån for å reise ut i praksis. Det nemnast at dei får kort varsel for å finne hybel. Det er heller ikkje alltid like trygt å bo på ny hybel. Rettleiing og kompetanse i rettleiing er også nemnt bør bli betre. Utdanningane bør leggje til rette med betre praksisførebuing, med informasjon om studentane sine rettigheter.

- Informasjonsflyt og tidlegare informasjon om tildeling av praksisplassar bør forbetrast.
- Det er utfordringar når studentar er tatt opp på eit fulltidsstudie og søker om tilrettelegging i 50 %. Det er svært utfordrande å få til slik tilrettelegging i praksis, då praksis ikkje har kapasitet med nok praksisplassar og ikkje kan strekke praksisperiodar over lengre tid enn ordinær praksisperiode. Det er heller ikkje slik at alle emne kan leggest til rette med 50 %.
- I emnerevisjon leggest det vekt på å vurdere studentane sine tilbakemeldingar og evaluering. Ved nokre studieprogram fullførast eit og eit emne. Til dømes går eit emne på 7,5 sp over 6 veker. Deretter kjem neste emne. Korleis kan dette gjerast om til fleksible studieløp?
- Studiebarometeret er ei viktig kjelde der studentane gjer si evaluering av studieprogramma.
- Å tilsetje fleire studentassistentar og bruke desse i første studieår kan vere eit godt tiltak for å hindre fråfall.
- Vi må lære studentane å lære heile livet. Dei er ikkje utlært etter 3 år.
- Fakultetet tilbyr [gratis Canvaskurs i rettleiing for praksisrettleiarar](#).
- Høgskulen forventar at studentane set seg inn i forskrifta om studium og eksamen ved HVL.
- Gjennomstrøyming ved master i psykisk helse- og rusarbeid ynskjer karakterkrav for å ta masterdelen, då mykje ressursar går med til rettleiing av "svake" studentar. Karakterkrav kan nyttast berre ved opptak til masterprogram.

Utdanningsutvalet ber om at innspela blir tatt med i den vidare diskusjonen i fakultetet om tiltak for å rekruttere og utnytte studieplassane best mogeleg med tanke på økonomisk berekraft.

4/23 Institutta si rapportering i kvalitetsarbeidet	Vedlegg ligg i Teams: Forslag til mal for oppsummering kvalitetsarbeid	Utdanningsutvalet inviterast til å gje innspel på prosess for betre å følge opp kvalitetsarbeidet i institutta samt gje innspel på forslag til mal for oppsummering av kvalitetsarbeidet.	Prodekan orienterar og innleiar til diskusjon.	15 min
Referat:				

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

Vi har jobba med å få ei betre raud tråd frå studieprogramråda til utdanningsutvalet og korleis vi følger opp tiltak frå studieprogramråda i dei tre institutta. Målet er å få tydelegare tiltak frå kvalitetsarbeidet inn i fakultetsplanen og budsjett for neste år.

Utdanningsutvalet fekk spørsmål om det er eit godt dokument å ha. Er det bra at fagseksjonsleiarane og instituttleiarane gjer ei slik oppsummering av kvalitetsarbeidet som gjerast i studieprogramråda?

Kommentarar frå utdanningsutvalet:

- Det er ein god ide å samle trådane og ha ei slik oppsummering
- Det er på denne måten mogeleg å få identifisert felles tiltak i fakultetet
- Tiltak som utdanninga har satt i gong for å forbetra/utvikla studieprogrammet skildrast kort. Blir ikkje det for detaljert på emnenivå? Det bør endrast til overordna tiltak frå utdanninga.

Utdanningsutvalet tykkjer at malen er god og støttar at det blir ein betre kopling mellom Studieprogramråda og Utdanningsutvalet. Utdanningsutvalet ber om at malen tas i bruk allereie våren 2023.

5/23 Orienteringar	Vedlegg ligg i Teams: Plan for internasjonalisering Forslag til mal	Utdanningsutvalet får desse sakene til orientering: <ul style="list-style-type: none"> • Arbeid med Fakultetsplan 2023 • Plan for internasjonalisering vedlegg • Mal for fagspesifikke utdanningsråd • Status EpN arbeid • Studieportefølje utvikling, RETHOS Psykososialt arbeid med barn og unge • Retningslinjer for TVEPS • Felles tekst om bruk av hjelpemidlar – kunstig intelligens i EpN arbeidet 	Prodekan orienterar	20 min
---------------------------	---	--	---------------------	--------

Referat:

Prodekan viste PP og gjekk gjennom orienteringane:

- Fakultetet si årsplan har skifta namn til Fakultetsplan. Institutta operasjoniserer tiltaka i si handlingsplan. Strategiplanen gjeld til 2030.

Fakultet for helse- og sosialvitskap

- Ny handlingsplan for internasjonalisering ved FHS. Planen speglar HVL sin strategi for internasjonalisering. Internasjonalt kontor har vore med i arbeidet og det er skilt mellom kva fakultetet skal følgje opp og kva AFII skal følgje opp. Internasjonalisering heime – [Olsomet](#) har eit system for [ulike aktivitetar](#), der studentane får eit sertifikat som synar ekstraarbeid knytt til internasjonalisering (Buddy, deltaking på internasjonale aktivitetar mm.). Studentane får ei stadfesting for dette og ikkje sp. Kan dette vere ei aktivitet hos FHS også?
- Forslag til mal for fagspesifikke utdanningsråd. Bør vi ha med eit punkt om kvalitet i praksisstudiane? For eksempel supplere følgjande i slutten av pkt 3.- inkludert kvalitet i praksisstudiane
- EpN arbeidet. Er prosessen med kvalitetssikring av emneplanane formålstenleg? Enkelte fagmiljø er lite kjent med FS og korleis prosessen er med emneplan på nett. Informasjonen er noko forvirrande: Skal fagseksjonsleiar vente til studieadm. har sett på emna? Studieadministrasjonen ser litt meir på arbeidsflyten og når fagseksjonsleiarane skal trykke gjennom emna.
- Studieprogrammet RETHOS Psykososialt arbeid med barn og unge. Raket Aasheim Greve vart meldt inn som rep til RETHOS programgruppa
- Kunstig intelligens i EpN arbeidet er ikkje eit lovleg hjelpemiddel å bruke – korleis forhalda seg til dette (tekst ligger på vestibylen) Forslag til formulering er sendt til instituttleiarane. Riktig lenke: [Bruk av kunstig intelligens i høgare utdanning - Høgskulen på Vestlandet \(hvl.no\)](#)
- TVEPS rutine er ikkje ferdig enno. Merete Hustoft overtar som nestleiar i TVEPS, etter Sissel Johannson Brenna.

6/23 Eventuelt

Vedlegg:

- Neste møte blir saman med FOUI utvalet enten 12. eller 23. mai 2023

Prodekan innleier

5 min

Referat:

Ingen saker meldt.

Dato for neste møte blei ikkje avklart.